

KYRKJEBLADET

63. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 3/2009

Andakt Side 3

Slekters gang Side 19

Gudstenesteliste Side 20



Di kyrkje - ditt val!

Valpresentasjon frå valrådet i Bjørgvin bispedøme på sidene 8-11.



Kyrkjeval

Sidene 4-11

Konsertomtalar

Side 12

www.vaksdal.kyrkja.no

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltilf. 95 22 84 47

Telefon til soknerådsleiarar

Stamnes: Odd Helland, 56 59 81 33

Eksingedalen: Britt Nese, 56 59 58 12

Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og

Nesheim: Ragna Lid, 56 59 89 20

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Propaganda

propagan'da -en (nlat, av lat. *propagare* 'tøye ut, auke, spreie') arbeid, aktivitet for å spreie ei lære, ein idé; agitasjon *politisk p- / løgnp- / krigsp-*. (frå ord-bøkene).

Propaganda er, slik me i dag forstår det, ei einsegn framstilling av informasjon for at me skal ta stilling til ei sak på ein bestemt måte. Ikkje ulikt reklame, men som regel knytt til politiske og/eller religiøse spørsmål.

Hausten vert prega av propaganda. Stortingsvalet tek heilt sikkert mykje merksemd, med fjernsynsdekning og avisoppslag. Me får rikeleg høve til å høyre og sjå dei ulike utøvarane av ordkunst på høgt plan. Valet er viktig for landet, og fortener sjølvsagt stort engasjement og deltaking frå veljarane.

Kyrkjevalet vert kanskje ikkje like synleg, men den nye valordninga kjem likevel til å få god merksemd. Og gjer me ein god jobb før og under valet, vil dei nye sokneråda våre få fleire veljarar i ryggen enn me nokon gong har opplevd. Og det må vere ei god kjensle for dei som får dette vervet. Kyrkjevala har vanlegvis hatt ein oppslutnad på landsbasis på om lag 4,2 %, medan stortingsvalet ligg opp under 80% oppslutnad her i kommunen. Ein reknar difor med at kyrkjevalet i år vil ha ein oppslutnad som er monaleg større enn tidlegare. Erfaringane frå valet får me nytta alt om to år, for då er det nytt val av sokneråd, samstundes med kommune- og fylkestingsvalet.

Utgjevingsplan for kyrkjebladet

Kyrkjebladet vert levert til trykkeriet på ein måndag, og kjem ut i postkassane veka etter. Frist for stoff til kyrkjebladet må vera innsendt til oss ei veke før trykking. Etersom posten ikkje alltid leverer bladet når me ynskjer det, har me valt å oppgje vekenummer og forventa dato for utgjeving.

Julenummeret kjem ut til advent, veke 48, mellom 25. og 28. november. Frist 30. oktober.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 180,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Wenche Horvei

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik, 5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Framsidedilete: ??????????????????

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 6. november.



Foto: Edvard Bø

DET STORE TEIKNET

**”Aften rød og morgen grå – da kan du på turen gå.
Aften grå og morgen rød – da blir turen gjerne
blød.”**

Det var ei regle om vêret eg lærde av gamle fru Reinkjøp i Narvik då eg var ung. Vi er opptekne av vêret, som ofte vert eit emne til samtale og kontakt, særleg med folk ein treff på gata eller ikkje kjenner så godt. Så er me opptekne av klimaendringane, svineinfluaensaen og finanskrisa.

Jesus var i samtale med nokre farisearar og saddukearar (ulike religiøse grupperingar i samtida) om teikn frå himmelen. Dei nytta ordet teikn om undergjerningane hans. Vis oss eit teikn frå himmelen, så me kan tru på deg, sa dei. Det dei ville ha var eit bevis. Eller rettare, dei ville avvise han som Guds son for han kunne ikkje framskaffe eit bevis som dei kunne akseptere, når dei i utgangspunktet nekta for tanken om at Gud kunne ha ein menneskeson. Kva skulle vel vere godt nok bevis? Dei som fylgde Jesus på vandringane hans fekk styrka trua si med store undergjerningar heile tida. Likevel bad dei om fleire teikn.

Jesus svara dei slik:

”Om kvelden seier de: Det vert godt vêr, for himmelen er raud, og om morgonen: I dag vert det uvêr, for himmelen er raud og mørk. Det de ser på himmelen, veit de å tyda,

men tidarteikna kan de ikkje tyda. Ei vond og utru ætt krev teikn, men ho skal ikkje få anna teikn enn Jonateiknet.” Matt. 16.2-4a.

Kva var Jonateiknet? Jona var ein profet som ein kan lese om i Jonaboken i Det gamle testamentet. Der står det om at han vart slukt av ein stor fisk og var i buken åt fisken i tre dagar og tre netter. Der bad han til Herren, og Herren høyrde bøna, så fisken spydde Jona opp på land igjen tredje dagen.

Når Jesus talar om at dei ikkje skal få anna teikn enn Jonateiknet, så tyder det at dette teiknet visar fram mot Jesus som var tre dagar i grava, og stod opp igjen tredje dagen. Det er det store teiknet for trua vår. Det finst ikkje bevis. Om nokon vil ha bevis vil dei gå skuffa bort. Men dette teiknet er ei kjelde til liv for kvar den som vil tru, som eit teikn av raud himmel om kvelden som varslar godvêr for dagen som kjem. Kan me tru på ei slik godvêrmelding i naturen, kan me i mykje større grad tru på Jesu oppstode frå dei daude som varslar vår eiga oppstode inn i ein ny dag i Guds himmel. Visst kan me leita etter teikn frå himmelen som seier noko om framtida, men me treng ikkje gå til spåmenn av ulikt slag som les i kort eller kaffigrut. Nei Herren sjølv har gitt oss det store teiknet. Krossen og den tomme grava. Det held for ei heil æve.

*Med beste helsing
Edvard Bø*



Di kyrkje - ditt val!

Oversyn over vallokale, krinsnamn og tid for valet

Sokn	Krinsnamn	Røystestad	Røystetid
VAKSDAL	Vaksdal	Vaksdal samfunnshus	10.00 – 20.00
	Stanghelle	Stanghelle samfunnshus	10.00 – 19.00
DALE	Dale	Dale barne- og ungdomsskule	10.00 – 20.00
	Stanghelle	Stanghelle samfunnshus	10.00 – 19.00
BERGSDALEN	Bergsdalen	Bergsdalen skule	10.00 – 16.00
STAMNES	Stamnes	Stamnes skule	10.00 – 19.00
	Eidsland	Grendahuset	10.00 – 17.00
EKSINGEDALEN	Eksingedalen	Eksingedalen skule	10.00 – 18.00
	Eidsland	Grendahuset	10.00 – 17.00
NESHEIM	Eksingedalen	Eksingedalen skule	10.00 – 18.00

Nokre av sokna har fleire røystestader på valdagen.

Fossmark høyrer til Vaksdal sokn, men veljarane nyttar vallokalet på Stanghelle ved stortingsvalet. Difor er det høve til å røyste på lista til Vaksdal sokneråd på Stanghelle.

Høvik høyrer til Eksingedalen sokn, men veljarane nyttar vallokalet på Eidsland. Difor kan ein røyste på både Stamnes og Eksingedalen sokneråd der.

Korleis vel me?

Mange skal gå til valurnene for første gong, og er usikre på kva endringar ein kan gjere på røystesetlane utan at dei vert forkasta. Her er eit forsøk på rettleiing.

Listene med dei aktuelle kandidatane finst i Kyrkjebladet. Dersom ein ynskjer å endre på rekkjefølgja på kandidatane er det fleire måtar å gå fram på.

Først må ein finne ut kor mange medlemmar og varamedlemmar det er i det aktuelle soknerådet. Vaksdal, Dale og Stamnes sokneråd har 6 faste medlem-

mar, og 5 varafolk. Dermed skal det veljast 11 personar.

Bergsdalen, Eksingedalen og Nesheim sokn har 4 faste medlemmar og 5 varafolk, til saman 9.

Nyttar ein Dale sokn som døme, vil ei liste som du ikkje har gjort endringar

på, gje dei 11 namna på lista ei røyst kvar, i den rekkjefølgja dei er sette opp. Alle på lista vert med, men valet avgjer kven som kjem til å sitje i rådet, og kven som vert varamedlemmar.



Dersom du vil gje ein eller fleire personar ei ekstra røyst, kumulere:

Dette gjer ein ved å setje kryss framfor kandidatnamnet, eller skrive kum, eller føre opp namnet ein gong til. Då har denne kandidaten fått to røyster.

Du kan berre gje ei ekstra røyst til kvar person.

Dersom den personen du gjev ei ekstra røyst ikkje står så høgt på lista at vedkomande er på sikker plass i rådet, må du plassere kandidaten høgare ved å skrive to nummer framfor kandidatnamnet, eller lage ei pil til ny plass på lista.

Dersom du vil endre på rekkjefølgja:

Du kan sjølv gje kandidatane eit nytt nummer, slik at det klart går fram av røystesetelen kva rekkjefølgje som er ynskt.

Dersom du vil stryke kandidatar:

Du kan stryke kandidatar kvar som helst på lista, og kor mange du vil. Kandidatane under rykkjer opp etter kvart som du stryk dei over. Står det berre eit namn att på lista, får vedkomande ei røyst.

Føre opp eit nytt namn:

Du kan føre opp eit nytt namn, og gje vedkomande eit nummer som viser kva plass ein ynskjer at vedko-

mande skal stå på. Vedkomande må vere medlem i Den norske kyrkja, og bu i soknet.

Kombinasjon av ulike rettingar.

Alle dei ulike typar av rettingar kan kombinerast, så lenge dei ikkje opphever kvarandre eller skapar forvirring om kva som er meint..

Forkasting av røystesetlar:

Dersom det, grunna rettingar, ikkje går fram av røystesetelen kven som er valde, kan den forkastast. Det same gjeld dersom det går fram kven som har levert røystesetelen.

Har du fått tilsendt valkort?

Alle som er medlemmar i Den norske kyrkja, og som er røysteføre, skal ha fått tilsendt eit slikt valkort. Kortet har opplysningar om kva lokale som vert nytta for dei ulike sokna. På valdagen er det ikkje mogleg å røyste andre stader enn i eige sokn, medan det frå 10. august til 11. september er høve til å førehandsrøyste på kyrkjekontoret, uansett kvar i landet du bur.

Dersom du ikkje har fått valkort, er det mogleg at du ikkje er registrert i medlemsregisteret. Ta i så fall kontakt med Kyrkjekontoret snarast.

Retting av feil, ikkje utmelding

På valkortet er det sett av plass for retting dersom du har motteke kortet men ikkje er medlem i Den norske kyrkja. Det er viktig å vite at kortet ikkje kan nyttast til utmelding, då dette må gjerast hjå dei som fører kyrkjebøkene. Hjå oss vert dette gjort på Kyrkjekontoret på Dale, Fabrikkvegen 3

KIRKEVALGET 2009 VALGKORT	KYRKJEVALET 2009 VALKORT
<p>Jan Johan Johansen Johansens gate 14 2018 Skedsmo</p> <p>Født / fødd 14.05.1982 Er oppført i Den norske kirkes medlemsregister med stemmerett i Er ført opp i Den norske kyrkja sitt medlemsregister med røysterett i Skedsmo sokn, Skedsmolia valgkrets / valkrins.</p> <p>VALGET FINNER STED / VALET VERT HALDE Søndag / søndag 13. september 2009 kl. 14.00-18.00 Skedsmolia skole, Skedsmogate 24 Måndag / måndag 14. september 2009 kl. 14.00-18.00 Skedsmolia skole, Skedsmogate 24</p> <p>Dette valkortet gjelder for Kirkevalget 2009. Medlemmer av Den norske kirke har stemmerett fra og med det året de fyllet 15 år. Dette valkortet gjelder ved Kyrkjevalet 2009. Medlemmer av Den norske kyrkja har røysterett frå og med det året de fyllet 15 år.</p>	<p>Det er mulig å forhandstemme i perioden 10. august – 11. september. Opplysninger om dette fås ved henvendelse til menighetskontoret. Førehandsrøysting er mogleg i tida 10. august – 11. september. Ein kan vende seg til kyrkjelydskontoret for opplysningar om dette. Skedsmo sokn, Kirkegaten 1, postboks 313, 2001 Lillestrøm tlf 11 22 33 44 www.kirkevalget.no / www.kyrkjevalet.no Finn menighet</p> <p>2000000002000010001</p> <p>FOR RETTING AV FEIL I MEDLEMSREGISTERET FOR DEN NORSKE KIRKE/KYRKJA: Jeg er ikke deplert tidligere utmeldt/er ikke medlem av Den norske kirke, og ber derfor om at dette blir rettet opp i Den norske kirkes medlemsregister. Jeg er ikke deplert/er tidligere utmeldt/er ikke medlem av Den norske kyrkja, og ber derfor om å at dette vert retta i Den norske kyrkja sitt medlemsregister.</p> <p>Sted / stad: _____ Dato: _____</p> <p>Underskrift: _____</p> <p>Ved feil returneres valkortet i underskrevet stand til Kirkerådet. Frankert returkonvolutt er målagt i vedlagte informasjonsbrosjyre. Ved feil skal valkortet returnerast underskrivet til Kyrkjerådet. Frankert returkonvolutt er lagt om i den vedlagte informasjonsbrosjyren.</p>



Di kyrkje - ditt val!

Bispedømerådsvalet

Val til Bjørgvin bispedømeråd og Kirkemøtet er heilt annleis enn soknerådsvalet.

Her skal ein velje ut og prioritere inn-til fem av kandidatane på lista ved å setje kryss i ei kolonne ved sida av namna. Det må berre setjast eitt kryss i kvar kolonne, og eitt kryss for kvar av dei fem utvalde kandidatane. Lister utan kryss vert forkasta.

Den store valdagen

Demokratiprosessen i Den norske kyrkja inneber at kyrkjevalet i haust gjev deg som vel langt større påverknad på kven som skal styra kyrkja i tida framover. Fleire spanande endringar gjev dei 3,8 millionar medlemene i Den norske kyrkje større medraderett. Dei største skilnadene er følgjande:

Det er auka bruk av direkteval - veljarane skal kunne røysta direkte på kandidatar til bispedømeråd / Kyrkjemøtet (det øvste representative organet til kyrkja) - desse har til no vore valde av medlemene i sokneråda. Du kan røysta samstundes med stortingsvalet - kyrkjevalet skal vere same dag og i nærleiken av dei offentlege vallokala

Du har røysterett òg som 15-, 16-, eller 17-åring - heile sju årgangar er fyrstegongsveljarar i år

Kandidatane vert valde for to år - dette er eit forsøksval der dei valde sit i berre to år. Nytt val er alt i 2011, same dag som kommune- og fylkestingsval.

Alle desse endringane er viktige steg på vegen fram mot målet om auka

demokrati i kyrkja. Dette igjen vil leggja grunnlaget for ei grunnlovsendring frå 2012, der paragrafane som regulerer tilhøvet mellom Konge, stat og kyrkje vert endra.

Alle som er døypte, og dermed er medlemmer i Den norske kyrkja, skal ha fått valkort i posten. Kortet gjev deg lokal informasjon om kvar du kan røysta og kven du kan røysta på. Dersom du mottok dette valkortet og ikkje er medlem i Den norske kyrkja, kan du returnera valkortet og be om at denne feilen i kyrkja sitt medlemsregister vert retta.

Kven skal du røysta på? Kanskje er svaret ”deg sjølv”! Eit verv i soknerådet gjev deg høve til å støtta den viktige hjørnesteinen akkurat **di** kyrkje er. Gjennom å sitja i soknerådet er du med og formar kyrkja sitt viktige arbeid og posisjon på heimstaden din. Har du bestemte meiningar om korleis akkurat kyrkja di skal arbeida, er deltaking i soknerådsarbeidet ei god investering.

Kva er fellesrådet?

Soknerådet kjenner vel dei fleste til. Dette rådet si oppgåve er å syte for den lokale aktiviteten i kyrkjelyden. Fellesrådet er ein offentlig etat, ei eiga sjølvstendig verksemd. Ein omtalar fellesrådet som eit organ for Den norske kyrkja som tek seg av dei oppgåvene kommunen tidlegare hadde på vegner av sokna. Soknet, eller kyrkjelyden om ein vil, er framleis grunneininga i Den norske kyrkja.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd er samansett av ein representant frå kvar

av dei seks sokna., ein lokal prest utpeika av biskopen, og ein representant frå kommunen. Hjå oss er sokneprest Frode Kvamsøe og ordførar Eirik Haga medlemmar.

Fram til 1. desember 2009 møter desse medlemmane frå sokna:

Vaksdal : Gudrun Boge Karlsen .

Dale: Odd Dyvik.

Bergsdalen: Ragna Lid.

Stammes: Odd Helland.

Eksingedalen: Bjørn Finne.

Nesheim: Anne Synnøve Nesheim.


Kyrkjeverje Svein Tøsse er sekretær for rådet, og dagleg leiar. Fellesrådet har ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar, er arbeidsgjevar for dei kyrkjeleg tilsette, og forvaltar midlane som Vaksdal kommune løyver til desse føremåla.

Lek og lærd

Eit uttrykk som går att i informasjonen om kyrkjevalet er ”leke representantar” ”leke kyrkjeleg tilsette”. Med dette meiner ein dei som ikkje er prestar som er tilsette i Den norske kyrkja. Dei leke er dei av oss som ikkje er vigsla til teneste og tilsette av bispedømerådet.

Det har ikkje lukkast underteikna å finne ei grei oversetjing av uttrykket, og sjølv dei lærde ser ut til å ha vanskar med å finne ei kortfatta forklaring.





To lokale kandidatar til val på bispedømmerrådet

Det er to kandidatar til valet på bispedømmerrådet i haust med tilhøre frå Vaksdal kommune. Valet skjer samstundes med Stortingsvalet i tilstøytande lokale, medan ein òg har høve til å røyste på soknerådet lokalt. Nytt av året er at ein kan røyste allereide frå det året ein fyller 15 på dei kyrkjelege vala.

- **Lars Bjarte Nesheim**
- **29 år**

Lars Bjarte kjem frå Nesheim i Eksingedalen. Han bur no i Bergen, men har dei seinare åra vore aktiv inn mot ungdomsarbeidet i bygdene våre, særleg når det gjeld konfirmanntarbeidet, der han har vore med som leiar på leirane, og som gruppeleiar for aktivitetsgrupper med fokus på speidararbeid og friluftsliv. Sist haust var han ungdomsdelegat utsend frå Nesheim sokn til Ungdomstinget i Bjørgvin bispedøme og vart der vald inn som leiar i ungdomsrådet.



Lars Bjarte Nesheim.

Lars Bjarte arbeider som utleiekonsulent av maskiner, og har elles bachelorgrad i informasjonsteknologi og kristendom grunnfag. Han er ein allsidig kar med praktisk sans, og er oppteken av kyrkja sitt arbeid med born og unge. Trusopplæringa står sentralt når det gjeld å gje dei unge kunnskap om Guds ord og kyrkja sin liturgi. Slik seier han det sjølv: "Eg er

oppteken av at kyrkja femner om mange menneske, og er ein stor misjonsmarknad. Det er viktig å fokusere på all den innsats som vert gjort lokalt i kyrkjelydane, og oppmuntre til å fortsetje godt arbeid for Guds rike."

- **Tone Synnøve Øygard Steinkopf**
- **36 år**

Tone Synnøve, som er ein av kantorane våre, stiller igjen til val for kyrkjelege tilsette utanom prestane. Det tyder at det er eige separat val til bispedømmerrådet for kyrkjelege tilsette, og berre kyrkjelege tilsette kan røyste på desse kandidatane. Men me er glade for å sjå at ho engasjerer seg, og kan vere med å løfte fram saker av interesse for bygdene lokalt. Ho har vore tilsett som kantor hjå oss sidan 1998, og samstundes vore kulturskulelærer i Vaksdal sidan 2000.




Tone Synnøve Øygard Steinkopf-

Ho har vore vald som vara til Bjørgvin bispedømmerråd og til Kirkerådet som er kyrkja si "regjering" i inneverande periode frå 2006. No i 2009 vart ho ved opprykk fast medlem i begge råda.


Ved sida av at ho er ein stor kapasitet på musikkssida, har hennar engasjement lokalt særleg vore knytt til barnarbeidet og konfirmanntarbeidet. Ho legg stor

vekt på samarbeid for å finne gode løysingar. Hennar satsingsområde er gudstenestereforma, medarbeidarskap, kulturmeldinga "Kunsten å vere kirke", og arbeidet for at barn, unge og unge vaksne kan få opplæring og oppleving som fører til tryggleik i tru. Generelt ynskjer ho seg i kyrkja eit syngjande, spelende og dansande folk.



Di kyrkje - ditt val!

Valpresentasjon frå valrådet i Bjørgvin bispedøme



Val på Bjørgvin bispedømeråd og Bjørgvin sine representantar til Kyrkjemøtet

 DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedømeråd

Kva kyrkje vil du ha? Kven vil du skal sitja i Kyrkjemøtet, kyrkja sitt «storting»? No kan alle kyrkjemedlemmer som er 15 år eller eldre for første gong vera med på å bestemma dette direkte. Ved å røysta på bispedømerådet, er du med på å bestemma kva retning Den norske kyrkja skal gå i.

14. september er det både stortingsval og kyrkjeval. I Bjørgvin skal denne dagen tre av dei leke medlemene til bispedømerådet veljast. Dei vert også utsendingar frå Bjørgvin til Kyrkjemøtet.

Ytterlegare fire medlemmer i bispedømerådet vert i november valde av dei nye sokneråda. I tillegg skal prestane og andre tilsette i kyrkja velja til saman to medlemmer. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet.

Slik røystar du ved bispedømerådsvalet

- Valordninga er slik at kvart medlem ikkje røystar på ei liste (som ved soknerådsvalet), men på den personen dei helst vil ha inn.
- Røystesetelen er alfabetisk. Kandidatane skal difor ha like stor sjans til å bli valde, uavhengig av kvar på setelen dei står.
- Røystesetlar utan kryss vil bli forkasta fordi dei ikkje viser kven veljaren vil ha inn i bispedømerådet. Veljaren må difor rangere kandidatane ved å setje kryss (X).
- Det må setjast kryss for 1. valet ved den kandidaten ein helst vil ha inn i bispedømerådet.
- Det kan setjast kryss for 2. val – 5. val ved dei kandidatane ein vil ha som «reserve» om førstevalet ikkje kjem inn. Døme på korrekt utfylt røystesetel vil vera tilgjengeleg i vallokalet.

Nytt ved kyrkjevalet 2009

- Valdagar 13. og 14. september, samtidig med stortingsvalet.
- Førehandsrøysting frå 10. august.
- Val av nye sokneråd og nye medlemmer til bispedømeråda.
- Kandidatane blir valde for to år.
- Røysterettsalderen er 15 år.
- I august vil alle medlemmer av Den norske kyrkja med røysterett motta eit valkort med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Storsatsinga på årets kyrkjeval er eit resultat av fjorårets kyrkjeforlik i Stortinget om tilhøvet mellom stat og kyrkje.

Bli kjent med kandidatane

På dei neste sidene får du ein kort eigenpresentasjon av kandidatane ved bispedømerådsvalet. Ein meir utfyllande presentasjon er tilgjengeleg på www.kyrkja.no/bjorgvin. Den utfyllande presentasjonen vil også bli sendt kyrkjekontora før førehandsrøystinga tek til 10. august.

www.kyrkja.no/bjorgvin

www.kyrkjevalet.no

Leke kandidatar i alfabetisk orden

Bodil Birkenes (54)



Erdal sokn, Vesthordland prosti. Lektor. Medlem av Erdal menighetsråd. Nestleder i Askøy kirkelige fellesråd. Styremedlem i Askøy søndags-skolelag.

Satsingsområde:

- Familiearbeid.
- Dåpsopplæringsarbeid.

Erland A. Fagermoen (67)



Balestrand sokn, Ytre Sogn prosti. Gardbrukar/pensjonist. Leiar, St. Olavs vener. Formann/styremedlem i Sogn Misjonssamband. Medlem i krinsstyret for NLM Bergen krins i fleire periodar.

Satsingsområde:

- Ressursar til å vidareutvikle trusopplæringa.
- At kyrkja og den lokale kyrkjelyden skal bety noko for så mange som mogeleg.
- Godt samarbeid mellom kyrkjelydane og misjonsorganisasjonane.
- At kyrkja skal vera ei open kyrkje der Guds Ord vert forkynt klårt og reint.
- Kyrkja må stå fast på si tradisjonelle lære i teologiske spørsmål.

Håkon S. Giil (66)



Hyllestad sokn, Ytre Sogn prosti. Pensjonert lektor. Leiar, Hyllestad sokneråd (inkl. fellesråd). Medlem i Ytre Sogn prostistyre. 2. varamedlem til Bjørgvin bispedømeråd. Utsending på kyrkjemøtet 2008.

Satsingsområde:

- Realisere visjonen: «Saman vil vi ære Den treeinige Gud» ved å forkynde Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.
- Trusopplæringsreforma skal forståast som ein prosess som under ei nasjonal leiing skal gjennomførast i kyrkjelydane.
- Innføringa av ny salmebok, nye liturgiar og utarbeiding av plan for kyrkjemusikk

må appellere til grupper som føler behovet for fornying/nye uttrykksformer, men må også ta vare på kulturarv og verdifull, nedverd tradisjon.

- Skaparverk og berekraft, arbeid for ei berekraftig utvikling, lokalt, nasjonalt og globalt.
- Kyrkjene i Midtausten og vårt ansvar.

Sigbjørn Grønås (70)



Os sokn, Midhordland prosti. Professor. Tidlegare leiar i Os sokneråd. Tekstlesar/klokkar.

Satsingsområde:

- Dåpsopplæring.
- Global oppvarming/fattigdom i verda.
- Gudstenestefeiring.
- Kristen tenking i samfunnet.
- Diakoni.

Cathrine Halstensen (31)



Bergen domkirke sokn, Bergen domprosti. Leder, Batteriet Vest selvhjelpssenter. Medlem, trosopplæringsutvalget i menigheten samt ulike komiteer og utvalg, bla. innen frivillighetsarbeid, kirkemusikk og omorganisering.

Satsingsområde:

- Diakoni og fellesskap.
- Kirken som kulturarv.
- Barne- og ungdomsarbeid.
- Økumenikk.

Grete Algrøy Herøy (53)



Fedje sokn, Nordhordland prosti. Driftssjef i Fedje kommune. Leiar i Fedje Sokneråd/fellessråd. Frivillig klokkar og medarbeidar kyrkjelydsblad.

Satsingsområde:

- Ressurser til å fortsetja og vidareutvikla trusopplæringa – for alle kyrkjelydar.

- Gode vilkår for tilsette og frivillige slik at bibelforteljingane og song- og salmeskatten vert formidla i mange ulike uttrykksformer til alle generasjonar.

Karl Johan Kirkebø (59)



Bønes sokn, Fana prosti. Salgsdirektør Onsoft Computer systems as. Menighetsrådsleder Bønes menighet. Styremedlem, felles menighetsblad, Fana prosti.

Satsingsområde:

- Strategi. At vi er beviste i våre valg på hva vi ønsker å prioritere og hvordan vi ønsker å gjennomføre det.
- Frivillighet. Hvordan oppmuntre mange til å finne sitt engasjement i kirken, legge til rette for dem, se dem og hjelpe dem.
- Gudstjeneste: Bidra til at det å feire gudstjeneste blir styrket som det bærende element i menighetsutviklingen.
- At kirken og den lokale menighet skal bety noe for så mange som mulig og være et kraftsenter i lokalmiljøet med lav terskel og stor takhøyde.
- Dåpsopplæring. At vi som kirke går inn med engasjement i dåpsopplæring og fyller hullet skolen etterlater seg.

Henny Koppen (54)



Nedstryn sokn, Nordfjord prosti. Høgskulelektor. Medlem bispedømerådet, Mellomkyrkjeleg råd og representantskapen for KN. Tidlegare medlem kyrkjemusikkutvalet.

Satsingsområde:

- Formidle styrken som ligg i å leve livet saman med Jesus, nåde og velsigning.
- Trusopplæringsreforma, også med tanke på samspelet mellom kyrkja og organisasjonane.
- Kyrkjemusikk og kultur, ikkje minst i samband med ny gudstenestene.
- Økumenikk, misjon, integrering, fellesskap.
- Klimaspørsmål.

Røysterett på desse kandidatane har alle medlemmer av Den norske kyrkja i Bjørgvin som ikkje er prestar eller lek kyrkjeleg tilsette

Geirmund Kvamme (22)



Bergen domkirke sokn, Bergen domprosti. Student. Tidlegare styremedlem i Acta Sogn og Fjordane og regionstyret i Normisjon Sogn- og Fjordane.

Satsingsområde:

- Barne- og ungdomsarbeid. Det er svært viktig at kyrkja satsar på dette området, då trusopplæringa ikkje lenger har ei så sentral rolle i skulen. Vi må gjere konfirmantarbeidet meir interessant, og det er viktig å gje konfirmantane gode tilbod også etter konfirmasjonstida.
- Gudstenesta er møtepunktet i kyrkja, difor er det viktig at gudstenesteforma vert lagt opp slik at den treff alle generasjonar. Det å få til fellesskap på tvers av generasjonar gjev mange og store gevinstar.
- Kyrkja og organisasjonar treng mange frivilljuge og løna arbeidarar. Difor er det viktig å bruke tid og resursar på god rekruttering. Ein nøkkel til dette er å gjere kvarandre meir bevisste på nådegåver, og utfordre personar direkte på det ein veit er deira gåve.

Gustav Magne Landro (41)



Blomvåg sokn, Vesthordland prosti. Politioverbetjent. Leiar av Øygarden kyrkjelege fellestråd.

Satsingsområde:

- Eg ynskjer satsing på gudstenesteutvikling og på born og unge sin plass i kyrkja.
- Eg vil ha fokus på aldersgruppa 30-55 og den ressursen desse er for kyrkja. Deira engasjement er grunnlaget for ei sterk folkekyrkje.
- Eg meiner kyrkja må endrast i takt med tida, men utan at ein skal endra vår klassiske bibeltru oppfatning.
- Diakoni og omsut for våre eldste viser at vi har respekt for tradisjonar og einskildmenneske.

- Samarbeid med frivilljuge, kristne organisasjonar vert viktig i ei tid der kyrkja treng stabilitet.

Hans Fredrik Lauvstad (65)



Førde sokn, Sunnfjord prosti. Seniorrådgjevar i skogbruk hos Fylkesmannen. Tidlegare leiar av soknerådet i Førde. Var med og skipa Kirkens SOS i Sør Hålogaland.

Satsingsområde:

- Miljøspørsmål, særleg knytt til forbruk, energispørsmål og klima. Ønskje om å gjere «Grøne kyrkjelydar» grønare, og meir forpliktande for medlemene.
- Misjon. Arbeidsmåten er i endring, og organisasjonane slit økonomisk. Er det mogleg og ønskjeleg å engasjere kyrkjelydane meir direkte i misjonsarbeidet?

Ingmar Ljones (66)



Arna sokn, Arna og Åsane prosti. Seniorrådgjevar, opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune. Leiar Arna sokneråd. Leiar Bergen kyrkjelege fellestråd.

Satsingsområde:

- Sokna er grunneiningane i kyrkja. Eg er oppteken av at bispedømerådet skal arbeida for at det blir ope og tillitsfullt samarbeid mellom sokneråd, prest og andre tilsette i kyrkjelydane.
- Vi treng fleire frivillige medarbeidarar. Dei må få opplæring og oppfølging for å kunna ta del i kyrkja sitt arbeid; særleg trusopplæring og diakonalt arbeid
- Mellom anna som følgje av innføringa av RLE-faget må kyrkja få tilført fleire stillingar slik at barn og unge som er medlemmar i kyrkja, kan få trusopplæring i tillegg til konfirmantundervisninga.
- Kyrkja sitt diakonale arbeid og engasjement må styrkjast.
- Eg legg vekt på at det må vera gode administrative ordningar på alle plan i kyrkja. Det bør utgreiast om det kan vera tenleg med felles arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i kyrkja.

Egil Morland (59)



Fjell sokn, Vesthordland prosti. Rektor. Tidlegare styreleiar, MF, leiar i styret for Menneskeverd, medlem i utvalet «Same kyrkje - ny ordning, leiar i Presteforeninga. Leiar for Morland/-stø bedehus

Satsingsområde:

- Dåpsopplæring, og at denne ikkje ein-sidig må vera tufta på kyrkja si plikt, men også på foreldra si forpliktning.
- Gudstenesta, og høgare verdsetjing av einskapen som i dag er truga av mangfaldet.
- Folkekyrkja, der omgrepa folk og kyrkje vert haldne saman, og ikkje spela ut mot kvarandre.

Lars Bjarte Nesheim (29)



Årstad sokn, Bergen domprosti. Utleiekonsulent. Leiar - ungdomsrådet i Bjørgvin

Satsingsområde:

- Ungdomsarbeid – trusopplæring.
- Ungdomsting - ungdomsråd.
- Satse på bibelgrupper i kyrkjelydane.

Inger H. Thingvold Nordeide (48)



Førde sokn, Sunnfjord prosti. Utviklingsleder ved Senter for Livsmestring. Medarbeider i søndags-skulen. Styreleiar i kyrkjebladet Helg og Heim.

Satsingsområde:

- Frå studier og forskning har eg kjenskap til presten si rolle og utfordringar, noko eg er oppteken av i lys av endringane i kyrkja. Noko av dette kjem til uttrykk i ei bok eg var med på å gi ut: «Jeg er jo ikke Jesus heller», en studie av arbeidsmiljø og belastninger for norske prester.
- Gudstenestelivet, inkluderande, ope og sentralt i formidling.

Kristoffer A. Rolland (24)

Ytre Arna sokn,
Arna og Åsane prosti.
Student.
Medlem Ytre Arna
sokneråd.
Varamedlem Bergen
kirkelige fellestråd.

Satsingsområde:

- Nytenking kring gudstenesteform
- Legge til rette for økt bruk av frivillige medarbeidarar.
- DNK må være ei open og inkluderande kyrkje utan å forlate Bibelens lære, Guds ord.
- DNK må ha en «grøn» profil og arbeide for vern av skaparverket.

Björg Kristin Selvik (48)

Landås sokn, Bergen
domprosti.
Dekan, Høgskolen
i Bergen.
Tidligere medlem av
Landås menighetsråd-,
og av trosopplærings-
utvalget i Bjørgvin
bispedømme.

Satsingsområde:

- Trosopplæring.
- Demokratireformen – forholdet kirke-stat.
- Tilhørighet og medarbeiderskap.

Magne Skjeldal (43)

Voss sokn, Hardanger
og Voss prosti.
Bonde.
Leiar av Bjørgvin
bispedømmeråd.
Tidlegare leiar av Voss
sokneråd.

Satsingsområde:

- Trusopplæringsreforma.
- Gudstenestreforma.
- Rekruttering til kyrkjeleg teneste, både friviljuge og vigsla/ordinert teneste.

- Kyrkjeordninga.
- Fremje rettferd, miljø- og fattigdomsutfordringa.

Aud Marie Stundal (58)

Kaupanger sokn,
Indre Sogn prosti
Studieleiar for
førskulelærar-
utdanninga.
Tidlegare leiar i
Kaupanger sokneråd
og Sogndal kyrkjelege
fellestråd.

Satsingsområde:

- Barnearbeid.
- Ungdomsarbeid.
- Liturgien i gudstenesta.

Ingvild Theodorsen (23)

Stord sokn,
Sunnhordland prosti.
Student.
Medlem av Bjørgvin
bispedømmeråd. Tidligere
leder av ungdomsrådet i
Bjørgvin bispedømme.
Delegat til ungdommens
kirkemøte i tre år.

Satsingsområde:

- Menighetsutvikling og medarbeiderskap.
- Ungdom og gruppen 18-30 år.
- Miljø og rettferdighet.
- God personalpolitikk og rekruttering til kirkelig arbeid.

Monica Ugulsvik (24)

Fet og Joranger sokn,
Indre Sogn prosti.
Programsekretær,
Bergen KFUK-KFUM,
Ynglingen.

Satsingsområde:

- Trusopplæringa, særleg arbeid for ungdom etter konfirmasjonstid og oppover

- Samarbeid mellom DNK og dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane.
- Fornyng av gudstenesta.

Ivar Ådnanes (59)

Bremnes sokn,
Sunnhordland prosti.
Bonde.
Leiar av Bremnes
sokneråd og Bømlo
fellestråd.

Inge Aasgaard (51)

Samnanger sokn,
Midhordland prosti.
Inspektør (ped.
IKT-ansvarleg).
Leiar av Samnanger
sokneråd.
Lek gudstenesteleiar.

Satsingsområde:

- Tydelege prestar og sokneråd som vil vera andeleg leiarar som viser veg.
- Kyrkja må gjera dei kristne til heil-hjarta etterfølgjarar av Jesus. Overgjevne kristne. Dette betyr undervising og opplæring. Kyrkja må også føda/gje mat til, dei lamma som allereie er i kyrkja. Den dagen kyrkja er nøgd med å konservera og ikkje ekspandera, har ho tapt.
- Alle må få kjenna til nådegåvene og tenestene sine. Dei må verta tenarar for andre.
- Alle må få vera med i små og trygge fellesskap i tillegg til storfellesskapet.
- Kyrkja må prioritera kontakten med alle utanfor kyrkja. Det gjeld å nå dei ufrelste.

Valpresentasjon frå valrådet i Bjørgvin bispedømme

Satsingsområde: Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for.

Alder på kandidatane er alder ved utgangen av 2009.

Adresse: Bjørgvin bispedømme
postboks 1960, 5817 Bergen

Telefon: 55 30 64 70

Telefaks: 55 30 64 85

Internett: www.kyrkja.no/bjorgvin



DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedomeråd

Fløyte og gitar

Knut Magnus Bøen og Hallgeir Fiskaaen

Konsert i Dale kyrkje søndag 23. august kl 19.00

Søndag 23. august vert det konsert med **Knut Magnus Bøen** på fløyte og **Hallgeir Fiskaaen** på gitar. Knut Magnus Bøen er lærar i Vaksdal kulturskule, men har hatt permisjon i to år no medan han teke mastergradstudiet i fløyte ved Griegakademiet UIB. På søndag får me høyre han spele i lag med gitaristen Hallgeir Fiskaaen. Dei har spelt saman sidan hausten 2008. På konserten på søndag får me høyre verk av komponistar som har blitt påverka av folkemusikk i sitt eige land dvs Piazzola (Argentina), Bartok (Ungarn), Villa-Lobos (Brasil) og Ourkouzounov (Bulgaria).

Konsert med familien Sulebakk

**Born frå Eksingedalen, Stamnes barnekor og Stanghelle/Dale barnesongkor
Nesheim kyrkje laurdag 12. september kl 16.00**

Laurdag 12. september vert det konsert med familien Sulebakk i lag med born frå Eksingedalen, Stamnes barnekor og Stanghelle/Dale barnesongkor. Det er nok mange som hugsar konserten med Bjarte og Astrid Leithaug i Nesheim kyrkje i fjor. Konserten i år med familien Sulebakk vert litt på same måte. Borna får høve til å øve på songane på førehand. Så vert det ei øving i lag med fam Sulebakk same dagen.

Fam Sulebakk er frå Frekhaug like utanfor Bergen. Sidan den første Cd-en "RARE TING" kom ut i 2006 har dei farta mykje rundt omkring i landet og halde konsertar ofte saman med ulike barnekor. Musikken er variert og svingar innom dei fleste stilartar. Det er mamma Barbro som lagar alle songane og tekstane, men heile familien Sulebakk er med og syng. Songane har eit tydeleg kristent budskap, men handlar òg om andre aktuelle tema som mobbing, ynskje om fred på jord, at alle born må ha det godt osv.

Akkordeon i Dale kyrkje

JOHAN ANDERSSON

Konsert laurdag 26. september kl 17.00



Johan Andersson og hans akkordeon.

Laurdag vert det mogleg å oppleve eit litt uvanleg konsertinstrument i Dale kyrkje. Då er det

Johan Andersson som har konsert på Akkordeon. Dei fleste har vel eit forhold til trekkspillet som instrument. Akkordeon er ei vidareutveking av trekkspillet noko som gjer det mogleg å spele melodiar med både høgre og venstre hand. På eit Akkordeon kan ein m.a spele klassisk musikk som t.d. Toccata og fuge i d-moll av J.S. Bach.

Johan Andersson er ingen kven som helst når det gjeld akkordeon. Han har fått mange forskjellige prisar og stipend, og vore solist med symfoniorkester, m.a. Östersunds orkesterforening, Pan Asia symfoniorkester i Hong Kong, Stillehavets symfoniorkester i Vladivostok, Ukraina og Moldova.

Under er lista opp nokre av dei prisane og stipend han har fått:

- Første pris i Nordkalottmästerskapet.
- Pris for beste individuelle prestasjon i "Musik Direkt", den største konkurransen i Sverige for ungdomsmusikk.
- Hans-Erik Nääs minnesfond stipendium.
- Luleå kommune sitt kulturstipend.
- Første pris i Norrlandsmästerskapet.
- Lion Luleå Nords kulturstipendium.
- Scania kulturstipendium.
- Andrew Walters minnesfond stipendium.

Han har òg vore på konsertturné i Polen og Ungarn og delteke ved "Lapplands festspel". Han har vore med i TV-programmet "Café Luleå" og hatt konsertar i kyrkjer i Sverige og Noreg.

Me kan sjå fram til ein flott konsert med ein fantastisk uttøver og eit varert repertoar.

Ny biskop - ny visjon: «Saman vil vi være den treenige Gud»

Biskop Halvor Nordhaug presenterte ein ny visjon for Bjørgvin på stiftsmøtet i Ulvik i juni. Nordhaug visualiserar si forklaring og forståing av visjonen ved å bruke den kjende russiske ikonmålaren Andrei Rublev sitt ikon "Treenigheten".

Ikonet "Treenigheten" er malt på 1400 talet. Utgangspunktet for maleriet er den gamaltestamentlege forteljninga om Abraham og Sara i Eikelunden i Mamre som får vitjing av tre menn. Tre menn – Faderen – Sonen – Den heilage Ande.

Fokuset i visjonen er på den treeinige Gud. Kva kan så vi gjere? Jo ære den treeinige Gud. Ikkje åleine, men saman.

Biskop Nordhaug sin presentasjon er ei djup og innholdsrik oppleving. Det er eit mål at så mange som



Biskop Halvor Nordhaug.

mogleg kan få del i den. I den nye visjonen vil nok orda frå den tidlegare visjonen framleis kome til uttrykk, om enn på ein annan måte. Visjonen skal framleis arbeidast med i dei vidare underpunkta, men dette er overskrifta som ein håpar vil få eit godt feste ut i alle kyrkjelydar.

Dale Mannskor i Peterskyrkja Fest på kjerka Messehagen på Dale søndag 23. august kl. 11.00

Sundag 13. september skal Dale Mannskor syngje i sjølvaste Peterskyrkja i Roma! Denne kyrkja er den nest største kyrkja i verda, og er hovedkyrkja i Vatikanet. Koret har sunge i mange store kyrkjer elles rundt om i Europa, og drøymde no om å få syngje i denne kyrkja. Dei tok kontakt med den katolske kyrkja om dette, i samband med at dei planla ein Italiatur med koret. Og dei fekk etter kvart positivt svar: Dei skulle ikkje berre få syngje i kyrkja, men jamvel i ei gudstenesten der. Så står det att å sjå om paven vert mellom dei som får høyrte dei! Les meir på www.dalemannskor.no.

Fest på kjerka er eit uttrykk frå Sjømannskyrkja sitt arbeid, og denne dagen freistar me å få til litt "sjømannskyrkjekjensle" på Dale. Representantar frå Sjømannskyrkja kjem, og etter gudstenesta er det kyrkjekaffi – sjølvstekt med vaflar! Torsdagsklubben er med og spelar, og presentasjonen av årest konfirmantar i Dale sokn er lagt til den gudstenesta. Vert ikkje veret godt nok, skjer det heile i Dale kyrkje.

Dale Ving

startar opp att
fredag 4. september.

Ungdoms - @lpha

Det vil verte arrangert Alphakurs for Ungdom til vinteren. Det vil inngå som ein stor del av konfirmantførebuinga dette året. Samstundes vil kurset vere ope for eldre ungdom. Kurset vil gå med samlingar kvar veke på torsdagar i 10 veker frå november til januar, og ta for seg sentrale element i kristentrua. Det byggjer på det internasjonale opplegget som er utvikla i kyrkja "Holy Trinity Brompton" i London, og er særskilt lagt til rette for ungdom.

Det har vore Alpha-kurs for vaksne tidlegare i kyrkjelydane våre, men det går tilbake til dei seinare åra på 90-talet. No er det ungdomen i KUL-miljøet på Vaksdal som har tatt eit initiativ. Dei skal for andre gongen arrangere eit stort ungdomsstemne på Vaksdal som dei kallar "Kulminasjon". Her inviterer dei ungdom frå mange samanhengar i Nordhordland. Tanken deira er at når ungdomane over ein week-end møter konsentrert forkynning til omvendning, så vil det verte trong for ei kristen oppfølging i lokalmiljøet. Dei som har vorte vekta til ei tru på Jesus, treng å lære meir om kven Jesus er, og om dei sentrale elementa i kristentrua. Såleis høver eit Alphakurs bra. Alpha som er første bokstaven i det greske alfabetet, tyder at i dette kurset byrjar ein med det heilt grunnleggjande og enkle. Eit slikt kurs kan òg vere nyttig for dei som har vore kristne ei stund, men det er rekna særskilt for dei som stiller med minimale forkunnskapar om kristentrua.

Kva skjer på ein kveld med Alpha. Det byrjar med song og musikk til friske tonar. Så er det ein konsentrert felles undervisning om tema for kvelden, som "Kven var Jesus?" Det vert noko å eta. Så går deltakarane i grupper der dei kan samtale om emnet under leiing av eit par gruppeleiarar. Mange av leiarane vil sjølv vere unge.

Vi trur at dette opplegget kan vere til fornying i arbeidet vårt med dei unge. Vi vil oppmode kyrkjelydane våre til særskilt å be for dette arbeidet. Forbønstenesta er viktig for å lukkast i alt arbeid i Guds rike.

Støls gudsteneste og Dalastemna

Støls gudstenesta i Bergsdalen var i år på Hatlestadstølen. Vegen var ikkje så lang i år, det tok berre 15-20 minuttar med roleg gange før ein var framme. Der samla ein seg på ein haug like ved stølen, til gudsteneste, matøkt og forteljing frå gamle dagar. Nina Haga og Boris Hauck sytte for ein del av musikken, og framførte nokre av sine komposisjonar med inspirasjon og namn frå Bergsdalen. Dei og Per Småbrekke på gitar delte på å spela til salmane, og Ragna Lid var med på rytmeinstrument. Elfrid Brekke fortalte frå gamle dagar på stølen, det same gjorde Johan Mohr, som har bygd hytte på dei gamle murane til den eine stølen. Det var overskyt og litt kjøleg ver denne sundagen, men dei 26 som hadde funne vegen dit lot seg altså ikkje stoppa av det.

Det årlege Dalastemna mellom Eksingedalen og Modalen gjekk av stabelen søndag 26. juli. Det var gråvær, men opphald, fint turvær. 18 per-



Ragna Lid, Boris Hauck og Nina Haga.

Foto: Per Småbrekke

sonar fann vegen til fjells denne dagen og både premiane for yngste og eldste deltakar gjekk til Vaksdalsida med ein gut på 8 år og ei dame på godt over 70. Det vert ei eiga god stemning å sitje der med utsikt mot Storavatnet med kors og flagg i bakken. Teksten for

dagen var om då Jesus samla 4000 menneske i øydemarka og mette dei med sju brød og nokre fisk. Etter gudstenesta fann vi fram matpakka og nokon grilla pølser. Så drog Farestveit fram songark og me delte gode historier frå fortida.

Edvard Bø

Kulturprisen til kantorane



Ordførar Eirik Haga (t.h.) overrekte prisen til Olav Arne og Tone Synnøve.

Foto: Magne Solhaug

Olav Arne og Tone Synnøve Ø Steinkopf har fått Vaksdal sin kulturpris for 2009, og han vart delt ut under Daledagane i juni. Prisen, som er ein

gåvesjekk på kr 5 000 og eit måleri av kunstnaren Charles Lunde, fekk dei for sin iherdige musikalske innsats i kommunen.

Kilden – 10 år

Pinseaftan hadde Kilden ein flott konsert i Dale kyrkje og mange hadde funne veien dit. På vegne av kyrkjelydane i Vaksdal takka Gudrun Boge Karlsen koret for konserten og for det arbeid koret gjer for kyrkjelydane i Vaksdal. Kilden fortset jubileumsfeiringa si til hausten med konsertar og første helga i september reiser koret på tur.

Kilden si første øving etter ferien vert fredag 21. august. Denne dagen over koret i Vaksdal bedehus, men dei vidare øvingane vert i Vaksdal kyrkje. Velkommen på øving!

Med Petter i kyrkja

I samband med 4-årsbokutelinga kvar haust har me sendt ut ei CD saman med invitasjonen til å kome til kyrkja. På denne CD-en hard et vore eit høyrspel og fleire barnesongar. Men songane har vore med bokmålstekst, medan me hjå oss syng dei med nynorsktekst når det har vore mogleg. No vert det endlege ei ordning med dette, for utgjevaren IKO (www.iko.no) har no gjeve CD-en ut med songane på nynorsk. Og dei er sunge inn med lokale krefter! Stanghelle og Dale barnesongkor og Stamnes barnekor har sunge, og opptaka er gjort i Dale kyrkje og i Sporlyd studio på Boge. Morten Skage og Thomas Nøklung er

musikarar, saman med kantorane Steinkopf. Utgjevinga av plata vert markert saman med utdeling av 4-årsbøkene i Vaksdal i haust.

Datoane for utdeling av 4-årsbøkene:

Stamnes kyrkje: 25. oktober

Vaksdal kyrkje: 8. november

Dale kyrkje: 15. november

Eidsland kapell: 29. november

Bergsdalen kyrkje: 6. desember

Nesheim kyrkje: 6. desember (gjeld og for Eksingedalen sokn)

Fagertun vert fagrare



Helge Gullbrå (t.v.) og Asbjørn Lavik er mellom dei som har vore med på dugnaden på Fagertun. Foto: Anne-Elin M. Gullbrå

Leirstaden Fagertun i Eksingedalen er i vår og sommar pussa opp. Det er særskild kjøkkenet og spisesalen som er modernisert. Arbeidet er gjort på dugnad, mellom 600 og 700 timar er utført. Finansieringa er mellom anna mogleg grunna ei testamentarisk gåve. Fagertun har elles inntekter gjennom utleige, basar og gåver elles. I sommar

er Fagertun stelt til rådvelde for reiselivssatsinga "Den grønne sløyfa", som har eit tilbod om bed and breakfast-overnattingder.

Kyrkjelydane i Vaksdal brukar å ha eit takkoffer i året til leirstaden, og når konfirmantane dreg på leir kvar haust, er det hit dei dreg.

Team for tenester

I Dale sokn er sett sett i gang arbeid med å engasjere fleire mennesker til ulike oppgåver i gudstenestene. Dette er i og for seg ikkje noko nytt korkje i Vaksdal eller i kyrkja elles, men er likevel fyrste gong det er sett i system på dette viset i Dale sokn. Målet er å få engasjert nokon til ulike oppgåver før, under og etter gudstenesta, for m a å synleggjere at gudstenesta ikkje er presten, organisten og andre tilsette si "greie".

Ei av oppgåvene er å vere kyrkjevert. Då stå ein i døra og deler ut salmebok og/eller gudstenesteark, samstundes som ein ynskjer folk velkomne. Det er ynskjeleg å ha kyrkjekaffi etter alle gudstenestene, og nokon får oppgåva å syte for dette. Andre oppgåver er mellom anna vere ansvarleg for barnekrok, for blommar og lysglobe, eller å vere tekstlesar. Kvar medarbeidar har sjølv det siste ordet når det gjeld kva oppgåver han eller ho skal ha, og kor ofte dei er med.

Er du ein av dei som gjerne kan tenke deg ei oppgåve i samband med gudstenestene i Dale sokn, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret.

Permisjonar

Olav Arne Steinkopf skal ha studiepermisjon frå delar av stillinga si i om lag 3 månader frå 1. september. Permisjonen skal han nytte til studier innan jazz.

Edvard Bø skal ha studiepermisjon i oktober. "Prest og teolog – i praksis" heiter kurset han held på med. Han hadde og nokre permisjonsdagar i samband med kurset i vår.

Hvordan har jeg det – egentlig?

Egentlig, hva betyr det?

Spørsmålet utfordrer til å kjenne etter. Til å stoppe opp, puste, ha fokus på seg selv. Hvordan er det å være meg akkurat nå?

Så kan vi få mange svar. Tanker, følelser, behov, kropp.

Noen ganger er det gode ting som dukker opp. Takknemlighet, glede, latter, de gode verdiene, håp. Andre ganger er det de vonde følelsene, de udekkede behovene, sykdom og bekymring som først dukker opp.

Alle opplever begge deler i

livet sitt. Det gode og det vanskelige.

Vi som tar telefoner og svarer på SOSmeldinger tåler å høre det vanskelige, vi tåler å være sammen med inn i det mørkeste. Vi tror på verdien av å være sammen, sette ord på og erkjenne det som er. Følelsemessig førstehjelp kalles det gjerne.

Heldigvis er det ikke bare på Kirkens SOS at det gis følelsemessig førstehjelp.

De gode samtalenene er limet som gjør samfunnet vårt godt å være i. De skjer hver dag, mellom vanlige mennesker. Dersom vi slutter å dele følelser får vi et

kaldt og ugjestmildt samfunn. Vi trenger fellesskap, vi trenger respekt, vi trenger å bli lyttet til, at noen prøver å forstå oss. Samtidig trenger vi også selv å prøve å forstå andre, vi trenger å føle at vi betyr noe for andre, vi trenger gleden av dele det som er viktig, både det gode og det vanskelige.

Det er godt å ha noen å dele med når livet er tungt. Og det er deilig å ha noen å dele det glade med.

Sammen kan vi oppnå at det "halvtomme" glasset endres til et "halvfullt" glass.

Å hjelpe er noe annet enn å overta.

Når vi lytter og deler med hverandre så bærer vi fortsatt våre egne problemer. Den gode samtalen skaper rom for refleksjon og undring. Noen ganger finnes ingen løsninger eller svar. Men det kan være lettere å bære det vanskelige



Greta Gramstad.

når vi har delt tanker og følelser med den annen.

På Kirkens SOS sier vi ofte at det er viktig og riktig å snakke sant om seg selv. Vi sier også at vi ønsker å lytte til akkurat det – uten å fordømme eller justere.

Pust! Kjenn etter. Del gjerne med en du stoler på. Kanskje opplever du at det halvtomme glasset er blitt halvfullt.

Greta Gramstad
Daglig leder

KILDEN

øver i Vaksdal kyrkje fredagar
kl 18.00-19.30

Første øving etter ferien er: **21.august**
Velkommen!

STANGHELLE/

DALE BARNESONGKOR

øver i Dale kyrkje annankvar onsdag.
Øvingstid 14.15-15.15 (etter skuleslutt)

Første øving etter ferien er: **26. august**
Velkommen!

STAMNES BARNEKOR

øver i Stamnes bedehus torsdagar kl 17.00

Første øving etter ferien er: **3.september**
Velkommen!

BABY/

SMÅBORNSSONG

har samlingar i Stamnes bedehus
måndagar kl 09.30 – 11.30

Tilbodet er for born frå 0 år og oppover
Sjå nærare oppslag for første samling
Velkommen!



Kirkens SOS

Det hjelper å snakke - når en har noen som vil lytte

Vil du være frivillig på Kirkens SOS?

Vi trenger flere som vil prate med et medmenneske som har det vanskelig.

Din oppgave er å lytte og tenke høyt sammen med den som ringer eller skriver til Kirkens SOS. Du skal ikke gi råd eller løse den andres problemer.

Du får innføringskurs, veiledning og videre faglig oppfølging så lenge du er med som frivillig. Du går inn en ordnet vaktturnus, tilpasset din hverdag.

Kirkens SOS er en døgnåpen krisetjeneste.

Du må være mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til egne kriser.

Kursstart er 29. september. Interessert?

Kontakt oss på 55 32 58 45/941 83 654,
bjorgvin@kirkens-sos.no eller www.kirkens-sos.no

Velkommen til et lærerikt og givende fellesskap!

Konfirmantar i Stamnes kyrkje 10. mai 2009



Me seier oss leie for at ein av konfirmantane i Stamnes ikkje kom med på biletet me trykte i sist nummer av kyrkjebladet. Difor tek me med biletet av Stamnes-konfirmantane i dette nummeret også, og vonar alle kjem med denne gongen.

1. rekke frå venstre: Sigve Myster Dyvik, Ronelyn Lunde Stamnes, sokneprest Edvard Bø, Ida Straume Bah, Joakim Gammersvik

2. rekke frå venstre: Ove Jonny Høines Ulevik, Lisa Natalie Johnsen Lunde, Iselin Dæmring Hagen, Elise Kalvik, Robert Kristoffer Jahren.

Foto: Kristina Gammersvik



Konfirmantar i Eidsland kapell 26. april 2009

Frå venstre: Sokneprest Edvard Bø, Oliver Iversen og Tonje Møster Larsen. Foto: Torbjørn Iversen

Dei ti Guds bod

5. Du skal ikkje slå i hel.

Det tyder: Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje skader nesten vår på kroppen eller gjer han noko vondt, men hjelper og stør han i naud og fare.

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

 **SparebankenVest**
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.



**STEINRIKET
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no



- ein lokal medspelar



Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektrika-
tenester, også varmpumper.
Tlf. 56 59 43 00


 **VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66



Teikning og prosjektering
av
Hus, hytte, garasje, terrasse, ark
Ombygging av
nye og gamle hus.

Hjelp til byggesøknader

Meterstokken

Ing. Svein Tøsse
Tlf 56 59 80 71
meterstokken@vaksdalanet.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

31.05.2009 Isak Olsnes Soltvedt
 31.05.2009 Tiril Terjesen Sæterdal
 28.06.2009 Gard Brattabø
 28.06.2009 Mathias Sundheim Østvang
 28.06.2009 Maja Nummedal-Rolland
 28.06.2009 Benjamin Fyllingslid-Owe
 28.06.2009 Thea Karin Skaftun
 09.08.2009 Casandra Johnsen Fenne

Stamnes

07.06.2009 Kari Moen Simmenes
 07.06.2009 Nathaniel Tollefsen
 07.06.2009 Are Bjørnsen

Vaksdal

21.06.2009 Nora Alexandra Simmenes Simbana
 02.08.2009 Phillip Martin Gapo Solheim



VIGDE

Dale

08.08.2009 Agnetha Døssland Olsen og Ole-Anders Brekkhus
 08.08.2009 Katrin Brattebø og Olav Morten Tåkvam
 08.08.2009 Marlyn Ellingsen og René Solheim Hop

Bergsdalen

06.06.2009 Sigrunn Seime Stamnes og Kenneth Vik

Nesheim

27.06.2009 Oddlaug Haldis Hagen og Kåre Trefall

Stamnes

01.08.2009 Nadezda Konstantinovna Kuptsova og Nils Grøsvik
 01.08.2009 Helen Lunde Stamnes og Paul Erik Borhaug (forbøn)

Vaksdal

04.07.2009 Kristine Faugstad og Ådne Kaldestad
 11.07.2009 Helen Eide Viken og Morten Eintveit
 11.07.2009 Mayah Veronica Ekse og Rudolf Meijering (forbøn)



DØDE

Dale

21.05.2009 Stig Axel Svensson f. 1929
 30.06.2009 Jenny Kvamme f. 1922
 04.07.2009 Idar Johannes Strømme f. 1933
 12.07.2009 Olga Olina Wik f. 1920

Stamnes

20.06.2009 Joachim Gjerde f. 1992
 11.07.2009 Klaus Mellesdal f. 1916

Vaksdal

02.06.2009 Borghild Herfindal f. 1915



VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 23. august

12. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 18,9-14

DALE, MESSEHAGEN kl. 11:00. Fest på Å kjerka. Frode Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon. Torsdagsklubben deltek. Offer til Sjømannskyrkja.

NESHEIM KYRKJE kl. 16:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Konfirmantpresentasjon. Offer til Eksingedalen sundagsskule.

Sundag 30. august

13. SUNDAG ETTER PINSE Mark. 7,31-37

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Konfirmantpresentasjon. Dåp. Offer til konfirmantarbeidet.

STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Konfirmantpresentasjon. Dåp. Offer til Fagertun leirstad.

Sundag 6. september

14. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 10,25-37

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Bergsdalsstemna.

Frode Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16:00. Familie-gudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til barne-arbeidet i kyrkjelyden.

Sundag 13. september

15. SUNDAG ETTER PINSE Sal. 116,12-16

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Edvard Bø. Dåp og nattverd. Offer til Tibetmisjonen.

EIDSLAND KAPELL kl. 11:00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon. Offer til Fagertun leirstad.

Sundag 20. september

16. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 6,24-34

STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. Offer til VING.

DALE KYRKJE kl. 16:00. UNG MESSE. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Offer til Fagertun leirstad.

Sundag 27. september

17. SUNDAG ETTER PINSE Joh. 11,17-27 og 37-44

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Kari og Ove Ronny Sæle frå NLA-høgskulane deltek. Nattverd.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16:00. UNG MESSE. Edvard Bø og konfirmantane. Kari og Ove Ronny Sæle frå NLA-høgskulane deltek. Offer til Norsk Lærerakademi.

Sundag 4. oktober

18. SUNDAG ETTER PINSE Rom. 14,1-8

Ingen gudstenester.

Sundag 11. oktober

19. SUNDAG ETTER PINSE Mark. 12,28-34

DALE KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. 50- og 60-årskonfirmantar. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 18. oktober

20. SUNDAG ETTER PINSE Mark. 2,1-12

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. 50-årskonfirmantar. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 25. oktober

BOTS- OG BEDEDAG Jes. 59,1-4 og 8-9

STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Utdeling av 4-årsbok. Stamnes barnekor deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 1. november

HELGEMESSE Matt. 5,1-12

NESHEIM KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.

Sundag 8. november

23. SUNDAG ETTER PINSE Fil. 1,6-11

VAKSDAL KYRKJE kl. 16:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Utdeling av 4-årsbok. Stanghelle/Dale barnesongkor deltek. Offer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

Sundag 15. november

24. SUNDAG ETTER PINSE 1. Tim. 2,1-6a

DALE KYRKJE kl. 16:00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Utdeling av 4-årsbok. Offer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

Sundag 22. november

SISTE SUNDAG I KYRKJEÅRET Matt. 25,31-46
Ingen gudstenester

Sundag 29. november

1. SUNDAG I ADVENT Luk. 4,16-22a

EIDSLAND KAPELL kl. 16:00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Utdeling av 4-årsbok. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19:00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

DALE KYRKJE kl. 20:00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Offer til Ungdom i Oppdrag.